# Meland kommune

Chris William Dale
Rosslandsvegen 337
5918 FREKHAUG

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 28.01.2019 |
| Dykkar: | Inga Lill Holen | |
| Vår: 16/1856 - 19/1838 | inga.lill.holen@meland.kommune.no | |

## Oppfølging av melding om forureining

Meland kommune er kjent med at septiktanken på eigedom gbnr. 22/91 i Meland kommune har vore utset for ei lekkasje.

Eigar har fått informasjon om tilhøvet, og fekk i utgåande skriv datert 11.07.2016, frist for å rette opp i omstenda innan neste tømming. Det vart i skrivet spesifisert at kommunen må underrettast skritftleg når det ulovlege tilhøvet har opphøyrt.

Meland kommune fekk etter tømming i 2017 melding frå ansvarleg tømmer Norva24 om at septiktanken framleis lek. Det vart og registrert at nivået for septiktanken er lågt og at den har framandelement i seg.

**Septiktanken må utbetrast**. For å utbetre septiktanken må du kontakte eit godkjent røyrleggjarforetak eller foretak som er ansvarleg for tømming av tanken din.

Meland kommune ber om ei skrifteleg tilbakemelding når tilhøvet er retta opp i, ved at skjemaet for tilbakemelding er utfylt. Frist for tilbakemelding vert sett til **11.02.2019.**

Dersom septiktanken allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom omstenda ikkje blir utbetra innan ovannemnde frist, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette innan fristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å rette opp i tilhøva, og der vi ilegg dykk tvangsmulkt dersom ikkje krav i påbodet vert etterfylgt. Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt vil i så tilhøve bli gitt i særskild vedtak ved utløp av fristen.

Elles visast det til førehandsvarselet, då dette brevet er kun ei påminning av det som går fram av varselet du allereie har motteke.

Med helsing

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Skjema for tilbakemelding

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Chris William Dale | Rosslandsvegen 337 | 5918 | FREKHAUG |